

MÅLØY WORK IN PROGRESS



NYE MULEGHEITER I
NÆRINGSLEBESBYEN MÅLØY

MÅLØY WORK IN PROGRESS

Vågsøy, med Måløy som sentrum, skal vere eitt av landets sterkaste næringslivsmiljø innanfor marine, maritime og andre kystbaserte næringer.

Måløy - der alt er muleg	4
Heilt i noregstoppen	6
Framtida er rein energi	8
45-minuttsregionen	11
Verdiar frå havet	12
Havlandet på fjordkysten	14
Mangfald som overraskar	16

VELKOMEN TIL WWW.MAALOY.NO PÅ PAPIR!

Magasinet du no held i handa er papirversjonen av nettstaden www.maaloy.no. Målet med nettstaden og magasinet er å gje ei heilskapleg oversikt over næringslivet i Vågsøy kommune, med bynamnet Måløy som merkenamn.

På www.maaloy.no finn du informasjon om næringsliv og lokalsamfunn i Vågsøy, mulegheiter for ny næringsutvikling og oversikt over tomter, næringsareal og mykje meir.

Vi håpar www.maaloy.no kan gjere det enklare for nye og potensielt nye bedrifter og innflyttarar å sjå alle mulegheitene i næringslivsbyen Måløy. Vi ser heller ikkje vekk frå at dei som alt bur i og rundt Vågsøy kan få ny kunnskap og inspirasjon!

Ansvarleg utgjevar: Måløy Vekst AS
Konsept og produksjon: Rockall InMedia



Ordførar i Vågsøy kommune,
Roger B. Silden (Foto: Geir
Arne Solheim, Rockall InMedia)


VELKOMEN TIL VÅGSØY

Vågsøy og Måløy er inne i ein svært positiv trend. Måløy har siste året vore på topp 10 i kåring av Norges beste næringslivsbyar, Vågsøy scorar høgt blant landets beste grunderkommuner og har to år på rad hatt sterkast vekst i handelsnæringa av alle kommunar i fylket. Ein privat næringspark med over 20 bedrifter (Maritim Park) og eit nytt storsenter med m a fylkets største møbelforretning er etablert i 2008 (Måløy Storsenter).

Måløy sentrum har dei siste åra gjennomgått eit hamskifte og framstår no med eit blomstrande handelstilbod, nyoppussa fasadar, levande uteliv på kvelden og eit aktivt fritidstilbod. Det er stor byggeaktivitet i kommunen og tilgangen til tomter/leiligheter er etter kvart god. Barnefamiljar som flyttar til Vågsøy er garantert barnehageplass innan 3 månader. Rundt om i kommunen finst det mange levande bygdesamfunn, unike landskap og det er rikeleg med spennande attraksjonar og reisemål for dagsutflukter.

Velkomen til oss i Vågsøy!

Roger B. Silden, ordførar i Vågsøy



Styreleiar i Måløy Vekst, Rolf Domstein
(Foto: Erik Hattrem)

EIN PROPELL FOR NÆRINGSLIVET

Måløy Vekst AS er næringslivet og kommunens felles organ for næringsutvikling i Vågsøy. Selskapet er eigd 60 % av næringslivet i Vågsøy (ca 115 bedriftsaksjonærar) og 40% av Vågsøy kommune.

Selskapet har spesielt ansvar for nærings- og samfunnsutvikling i samband med Vågsøy kommunes omstillingsstatus. Måløy Vekst fungerer også som næringssetat for kommunen, er eit samarbeidsorgan for kommunen og bedriftene i Vågsøy og gir service og bistand til småbedrifter og gründarar.

På nettsidene våre, www.maloyvekst.no vil dei viktigaste tenestene og prosjekta våre etterkvart bli presenterte. Måløy Vekst ønsker å ha nær kontakt og samarbeid med alle gode krefter i Vågsøy-samfunnet, og alle utanfrå som er interessert i Måløy/Vågsøy som næringslivsby eller stad å flytte til.

Vi håper å høyre frå deg - velkomen til oss!

Rolf Domstein, Styreleiar Måløy Vekst



NORDVESTVINDUET

Nordvestvinduet Bygg og Innbu AS er ein av Noregs fremste leverandørar av vindauger, vindaugsdører og mindre fasadeelement til prosjekt. Produksjonsanlegget i Almenningen i Vågsøy har 6000 m² golvflate og om lag 60 medarbeidarar. Bedrifta har utmerka seg som ei innovativ bedrift og fekk i 2004 hedersteiknet "årets bedrift" av bransjen.



TOYOTA NORDFJORD

Toyota er det største bilmerket både i Sogn og Fjordane og i Nordfjord. Toyota Nordfjord har hovudkontor i Måløy og er ein av dei store aktørane i bilbransjen i fylket, særskilt etter overtakinga av Toyota Førde. Har lokale eigarar og held til i nye og moderne lokale i Deknepollen, med avdelingar både i Stryn og Førde.



Christine Gaustad, C-Studio
(Foto: Erik Hattrem)

-EG HAR VERDAS BESTE JOBB

Christine Midtgård Gaustad har starta sin eigen unike arbeidsplass i Måløy, dansestudioet C-studio. - Det å kunne få jobbe med barn og unge, kombinert med dans, gjev meg utruleg mykje – eg har verdas beste jobb, seier Christine!

Christine tykkjer Måløy er ein fantastisk stad å vere. - Det er veldig trygt her om ein skal etablere familie, i tillegg er det ei per-

le. Det seier mange vener og kjente som eg har hatt heime på besøk. Eg set sjølv òg veldig stor pris på naturen her, seier Christine. Det einaste ho kunne tenkt seg, er litt fleire dagar med sol og blå himmel.

Suksess for danseskulen

Christine var ferdig utdanna med ei 3-årig danselinje ved Bårdar Akademiet i Oslo våren 2004. Året før hadde ho halde eit dansekurs i Måløy, og det var då ho opp-


daga marknaden og sjansen for å starte ein danseskule på heimstaden.

- Eg starta danseskulen hausten 2004. Eg hadde då 98 elevar og heldt til på Måløy Treningscenter sine lokale. Sidan den tid har det eigentleg berre gått ein veg for danseskulen, som no har eige lokale i Turnhallen og fleire hundre ungdommar innom kvar veke, smiler Christine.



C STUDIO

C studio er ein danseskule for born, ungdom og vaksne, gitar og jenter i alle alderssteg, med eigne lokale i kulturhuset Turnhallen. C studio gjev òg individuelle privattimar til dei som ønskjer det og tek på seg danseoppdrag til ulike arrangement. Dekningsområdet er hovudsakleg Nordfjord. Elevtalet i 2007/2008 var på nesten 400. Det vert årleg arrangert danse-show der alle elevane får vise seg fram.



NORTH CAPE MINERALS

North Cape Minerals er eit internasjonalt leiande mineralselskap. Selskapet har fem produksjonsanlegg i Noreg, her i blant på Bryggja i Vågsøy der det er ca. 25 tilsette. Selskapet er marknadsleiar innan nefelinsyenitt og feltspat til internasjonal glass- og keramikkindustri og olivin til ståindustri og støperi- og ildfastformål.

MÅLØY - DER ALT ER MULEG

Kystbyen Måløy i Vågsøy kommune i Sogn og Fjordane har ei stolt fortid, og er på rask veg mot ei enno meir spennande framtid. Måløy er Noregs tredje største fiskerihamn, og tre av Noregs ti største fiskeribedrifter har hovudsete her. Måløy har eit nær komplett maritimt industri-cluster med alt frå store, tradisjonelle verft til høgteknologiske designbedrifter, maritim høgskuleutdanning og eit ekspansivt næringsparkmiljø.

Måløy vart nylig kåra til ein av Noregs ti beste næringslivsbyar (Kapital nr 21/2008). Stadig kjem det nye verksemdar til med

Nordfjord Havn har 70 mål planert areal på Trollebø som ligg klar for nye aktørar som vil etablere seg i Vågsøy

unge, engasjerte bedriftsleiarar. Det er stor vekt på utvikling innan teknologi og energi, og ein står framføre ei storsatsing på reiseliv og kultur.

Norges tredje største fiskerihamn

Vågsøy er truleg den kommunen i verda med flest kaimeter per innbyggjar - heile 1,5 kilometer med offentleg kai.

Nordfjord Havn IKS ligg sentralt plassert på det nye flotte torget i Måløy, like ved lekteren der Fjord1 legg til kai med ekspressbåten mellom Nordfjord og Bergen. Hamna har om lag 17.000 fartøysanløp i året, og hamnekontoret er tilgjengeleg 24 timar



Næringsliv: Måløy er kåra til ein av Noregs ti beste næringslivsbyar, og det veks fram stadig nye bedrifter.

i døgnet.

Nordfjord Havn IKS har 70 mål planert areal med vatn og elektrisitet på Trollebø som ligg klar for nye aktørar som vil etablere seg i Vågsøy. Snart er Vågsøy kommune sjølvforsynt med rein energi frå vindmøller, og

nye planlagde utbyggingar av varmekraftverk og offshore vind vil gjere Vågsøy til ei energi-kommune i førstedivisjon.

Set vakre Vågsøy på kartet!

Kysten rundt Måløy har alt som skal til for å

verte ein reiselivsdestinasjon i verdensklasse: Spektakulær natur, gode kommunikasjonar, levande kystkultur og kort veg til veletablerte, tunge reiselivsdestinasjonar som Stryn, Geiranger og Sognefjorden. Reiselivsnæringa i Måløy er inne i ei løfterik

oppbyggingsfase - no er tida inne til å satse for den som vil utnytte eit fantastisk grunnlag frå naturen si side til å skape unike og lønsame opplevingsbedrifter.

Utvidingsplanar

Det samla kontorarealet er i dag på nesten 1500 kvm og er stadig i vekst. Maritim Park har planer for utviding både innvendig og utvendig.



Maritim Park på Raudeberg (Foto: Geir Arne Solheim, Rockall InMedia)

MARITIMT KOMPETANSESENTER

Maritim Park leiger ut moderne kontor i ein flunkande ny privar næringspark på Raudeberg. Her er eit unikt kompetansmiljø, med hovudtyngda innan maritime og marine næringar. Per 2009 huser parken meir enn 50 personar fordelt på 15-20 bedrifter.

Her finst mellom anna to fiskebåtrederi, selskap som leverer forsyningar til båtar, selskap som drifrar offshorefartøy, to salselskap for fisk, to skipstekniske konsulentfirma og økonomi- og rekneskapsbyrå.



NORWAY PELAGIC

Norway Pelagic er eit nyleg etablert industriselskap med hovudkontor og produksjonsanlegg i Måløy. Selskapet er verdslaiande i produksjon og sal av pelagisk fisk til konsum. Selskapet eksporterer over 400 000 tonn fisk per år, og har ein årleg omsetnad på over 2 mrd. NOK.



STADT TOWING TANK

Stad Towing Tank i Måløy er eit hydrodynamisk testsenter som leverer hydrodynamiske testar av marine fartøy og installasjonar. Testsentret er automatisert og har avanserte system for datalogging og anleggsstyring. Ein eigenutvikla, ubemanna slepemekanisme tillet høg akselerasjon og fart i den nye, 185 meter lange testtanken.



SIKKERHETSSENTERET /MARITIM FAGSKULE

Sikkerhetssenteret i Måløy er etablert med godkjenning frå Sjøfartsdirektoratet. Senteret har to avanserte fartøyssimulatorar og tilbyr eit breitt utval av maritime kurs med hovudvekt på tryggleik, brannvern og sjøredning. Senteret er ei avdeling av Måløy vidaregåande skule, og er samlokalisert med Maritim Fagskule i Måløy, som tilbyr m a 2-årig skips-offisersutdanning.



FJORD-LAB

Fjord-Lab i Måløy er eit uavhengig laboratorium som er godkjent FoU-institusjon av Forskringsrådet og har biologisk, kjemisk, mikrobiologisk og næringsmiddelteknisk kompetanse. I 2007 vann Fjord-Lab for andre gong ein nasjonal anbuds-konkurranse med analyse av feitt/farge i laksefisk.

Vegard Åstebøl Larsen (t.v.) er dagleg leiar i Stadt Towing Tank og Stine Lilloe-Olsen er dagleg leiar i NordWest 3D (Foto: Erik Hattrem)

HEILT I NOREGSTOPPEN

Eit av dei sterkaste næringane i Vågsøy er den maritime næringa. Her er kompetansen høg frå teiknebrett til ferdigstilling av nybygg. Det er eit godt utval av konstruksjonsingeniørar, verkstader, spesialiserte underleverandørar og 3D-kompetanse, og nokre av dei beste skipsverfta i landet på sine spesialområde finn du i Vågsøy. Du kan ta maritim høsgkuleutdanning i topp moderne fasilitetar, og nye bedrifter skyt fart i eit unikt maritimt næringsparkmiljø.

Stine Lilloe-Olsen, dagleg leiar i NordWest 3D, og Vegard Åstebøl Larsen, dagleg leiar i Stadt Towing Tank, er to unge bedriftsleiarar som har funne akkurat den rette jobben

i det nye, spennande næringslivet i Måløy. - Når ein først set i gong her i Måløy, så vert ting gjort med kvalitet og det skjer raskt, meiner Stine Lilloe-Olsen.

Naturen skaper mulegheiter

Stine Lilloe-Olsen meiner det skjer mykje bra i Måløy for tida.

- Her er eit spennande næringsliv som satsar og eg har eit inntrykk av at ein er van med å få ting gjort, seier bedriftsleiaren.

Ho tykkjer miljøet er prega av veldig hyggelege folk og med ein fantastisk natur som råme for både arbeid og fritid.

- Alt ligg til rette for dei som vil drive med friluftslivsaktivitetar. Og det ein ikkje finn av tilbod i Vågsøy, ligg jo ikkje så langt vekk,

som til dømes sommerskiseret i Stryn. Nærleiken til slike aktivitetar får ein ikkje om ein skulle bu i ein storby. For unge så ligg ting flott til rette for å stifte familie. Miljøet er jo veldig trygt og godt, meiner Stine Lilloe-Olsen.

Lokka av utviklingsplanane

Vegard Åstebøl Larsen er dagleg leiar i Stadt Towing Tank og har flytta til byen utan å ha tilknytning til staden frå før. Etter at han fekk høyre om det miljøet som var

i ferd med å verte bygd opp her, var dette noko som interesserte han – noko som var relevant til utdanninga han hadde valt.

- Eg ønskte å vere med å byggje opp noko, og her har eg fått høve til å vere med på eit utviklingsarbeid som er veldig spennande. Eg vart fascinert av miljøet som var under planlegging, og det var kort sagt det som lokka meg til kysten og Måløy, seier Vegard Åstebøl Larsen.

Gunnar Carlson
(Foto: Erik Hattrem)



- JOBBEN MÅ VERE EIN LIVSSTIL

Kva meiner investor Gunnar Carlson må til for å lukkast i næringslivet?

- Først og fremst må ein vere genuint interessert i det ein held på med. Jobben må vere eit midtpunkt i livet, og ein må vere villig til å ofre. Samtidig som ein kan ha det kjekt med det ein held på med, seier Carlson.

Han meiner det òg er viktig å kunne ordlegge seg, både skriftleg og gjennom tale. I tillegg så må ein tørre å ta avgjerdsløse og ta ansvar. Det er ingen grunn til å sitte stille ved enden av bordet berre fordi du er tjue år, er Carlson si klare mein- ing.

- Du finn aldri ei gravstøtte der det står "han var ein snill og beskjeden mann", men du vil derimot finne mange med påskrifta "han var ein stor leiar og hær- førar." Samtidig må ein ha respekt for andre. Det er veldig viktig å kunne oppføre seg skikkeleg i forhold til medmenneske, seier Carlson, som står sentralt i oppbygginga av Teknopollen-miljøet med bedrifter som Easy Form, Best Mould, Stadt Towing Tank, Nordwest 3D og Local Host.




BÅTBYGG

Båtbygg på Raudeberg i Vågsøy har ein av Norges største slippar, ein av Noregs største tørrdokkar og ein av landets største hallar der båtar kan liggje under tak. Utgjer saman med lokale samarbeidspartnarar og underleverandørar ein betydeleg maritim kompetanse og kapasitet. Stadt Elektro, Stadt Kulde og Måløy Stål er samlokalisert med Båtbygg.



WEST DYKKERSERVICE

Selskapet, med hovudbase i Måløy og fleire underavdelingar, har dykkarar i alle sertifikat- klasser og er det største firmaet i Dykkerservice-gruppen. Størsteparten av arbeidet er for oppdrettsnæringa, med kontrakter med fleire store konsern. Selskapet har også arbeid for kommunar, skipsverft og fiskerinæringa. Selskapet har stor kompetanse på anleggsdykking.



EASY FORM

Easy Form AS er ein del av eit nytt og teknisk sterkt maritimt bedriftsmiljø i Måløy. Easy Form har Noregs største 5-akse fresemaskin for maskinering av komposittmateriale, og har som mål å bli Europas leiande freseselskap innan store maritime komposittprodukt. Easy Form produserer pluggar, former, modellar og fleire ulike spesialprodukt.



MÅLØY VERFT AS

Måløy Verft er ein av dei leiande hurtigbåt-produzentane i landet med i snitt 20 – 25 tilsette. Hovudproduktet er hurtig- gåande passasjer- og bruksfartøy bygd i kompositt. Bedrifta utfører også reparasjon, service og vedlikehald av dei fleste typar fartøy.



Vindkraft: Kraftstasjon på Mehuken i Vågsøy
(Foto: Steinar Engeland, Rockall InMedia)

FRAMTIDA ER REIN ENERGI

Marin fornybar energi er ei av dei raskast veksande næringane internasjonalt. Måløy ligg godt an til å ta ein framskoten posisjon i fornybar energi frå havet. Området rundt Måløy har heilt særneige vind- og havforhold for utbygging av offshore vindkraft og offshore/onshore bølgekraft. I tillegg gjev den unike maritime kompetansen i regionen store moglegheiter for bedriftsetableringar innanfor ny havenergi. Vestavind Kraft er av dei som satsar stort.

Vestavind Kraft er eit selskap som skal utvikle, byggje og eige vindkraftanlegg. Selskapet skal vere ein felles kompetansebase for eigarselskapa våre Haugaland Kraft, Sunnhordland Kraftlag, BKK, Sognekraft, Sunnfjord Energi, SFE og Tafjord Kraft.

Dagleg leiar Håkon Sandvik har stor tru på framtida til marin fornybar energi. Difor jobbar Vestavind Kraft no med å få på plass testområde og i neste omgang ein fullskala offshore vindpark i havet utanfor Vågsøy og Selje.

Positivt for lokalsamfunnet

- Kvifor vurderer de å satse på vindmøller i havet utanfor Måløy?

- Først og fremst går vi etter vinden. Og deretter må ting ligge til rette. Det er viktig at planar, infrastruktur og kompetanse er på plass. I tillegg må staden vere interessert og open for å vere med på å satse. Om alt dette klaffer så er vi der. Vi har eit ønske om at arbeidet vårt skal vere med å bringe medvind til lokalsamfunnet, fortel Håkon Sandvik.

I Vågsøy er det prosjektet Stadtvind som er aktuelt. Dette skal vere ein offshore vindpark som vil ligge nordvest for Stadlan-

det. Grunnen til at Vestavind Kraft vurderer dette prosjektet, er først og fremst fordi lokaliteten er veldig bra med liten konflikt med fiskeria, og med gode vindforhold.

- I tillegg er her eit maritimt miljø som kan tilby kompetanse, reparasjon, gode hamneområde og forsyning. Og dette er jo positive element. Vi legg òg merke til at kommunen er positive til vindkraft i forhold til møllene som ligg på Mehuken. Dessutan er vi blitt veldig godt tekne i mot, seier Sandvik.

Gründerkultur

Håkon Sandvik er heilt sikker på at Stad-

vind-prosjektet vil skape vekst i Måløy, men påpeikar at det ikkje berre er å trykkje på ein knapp.

- Vi legg ting til rette for kommuna og næringslivet. Så er det opp til dei å gripe sjansen. Når vi går ut i marknaden og forhandlar med kundar, så prøver vi etter beste evne å få desse til å kjøpe tenester lokalt. På den måten legg vi ned ein god del arbeid for å fremje det lokale næringslivet. Det er òg viktig å merke seg at Stadtvind-prosjektet ikkje berre vil påverke Måløy, men òg heile regionen rundt. Så vi ønskjer å gje heile området ei moglegheit,

seier Sandvik.

Sandvik bur dagleg på Sandane, og har merka seg at det er litt annleis å kome ut til kysten for å drive forretningar.

- Det verkar som de har ein spesiell kultur her ute i forhold til lengre inne i fjorden. Eg trur det kjem på grunn av at her har ein måtte skaffe levebrødet kvar dag gjennom fiske, medan ein lengre inne i fjorden kunne hauste fruktene sånn som det passa ein. Dette verkar som å ha utvikla ein sterk kultur for å skape resultat på eiga hand, seier Sandvik.



VESTAVIND KRAFT

Vestavind Kraft AS er eit selskap som skal vere drivkraft for å utvikle vindkraftprosjekt på Vestlandet. Vestavind Kraft planlegg og har førehandsmeldt Stadtvind offshore flytande vindkraftanlegg i havet utanfor Vågsøy. Planlagt installasjon er på 1080 MW. Stadtvind vil kunne produsere 4,5 TWh årleg, som tilsvarer 4 % av samla norsk vasskraftproduksjon.



KVALHEIM KRAFT

Kvalheim Kraft AS er eit selskap eigd av Vardar AS (50%) og Østfold Energi Produksjon AS (50%). Kvalheim Kraft eig og driv den eksisterende vindparken på Mehuken i Vågsøy. Fekk i 2008 konsesjon til ei større utviding av Mehuken, som vil stå ferdig i 2010/11. Etter utvidinga vil parken ha 13 møller og få samla produksjon på 63 GWh per år. Det er nok til å dekke alle husstandar i Vågsøy med fornybar vindenergi.



HAVKRAFT

Havkraft er eit selskap med base i industri-miljøet i Nordfjord som har patent på ein av verdas rimelegaste og mest effektive energiomformingsteknologiar med bølger som energikjelde. Teknologien vert utvikla av ein lokal gründer i samarbeid med m a FoU-miljøet CMR Prototech ved Christian Michelsens Research.



FJORD MILJØENERGI

Fjord Miljøenergi AS er eit leiande bio-energiselskap i Sogn og Fjordane. Selskapet førebur samproduksjonsanlegg for varme og elektrisitet i Måløy, som vil produsere energi basert på fornybart, biologisk material. Anlegga skal ligge på Trollebø og vil bidra til å redusere forureinande utslepp frå fossile brennstoff ved å nytte utsortert avfall.

EIN REGION MED VILJE OG EVNE TIL VEKST

Måløy, kystbyen i Vågsøy i Nordfjord, ligg midt i smørauet på Vestlandet. Måløy har hurtigbåt direkte til Florø og Bergen, fleire daglege ekspressbussavgangar til Oslo, Ålesund og Trondheim og tre flyplassar innan 1 ½ times avstand. Vågsøy, Selje, Eid, Vanylven og deler av Bremanger utgjør allereie i dag eit bu- og arbeidsmarknadsområde.

For å utløyse vekstpotensialet rundt Måløy for alvor, er nøkkelen betre kommunikasjonar nord-sør på kysten. Næringslivet i Vågsøy er pådrivarar for å skape ein felles bu- og arbeidsmarknad mellom kystbyane Florø og Måløy (45-minuttsregionen) og for å binde kysten saman på sjøen sør og nord for Stadt (Stadt Skipstunell).



(Foto: Steinar Engeland, Rockall InMedia)

STAD SKIPSTUNNEL TRYGGJER SJØLEIA NORD FOR MÅLØY



(Illustrasjon: Jatoja Da/ NordWest 3D)

For nokre er bølgiene ei velsigning, for andre ei forbanning. Å køyre rundt Stad er tøft, sjølv for dei største båtane som skal nordover frå Måløy.

Ein skal ikkje lenger tilbake enn til 2003 for å finne eit døme på at det kunne ha gått verkeleg gale. Hurtigruta Midnatsol miste motorkraft og var i ferd med å verte knust mot klippene ved Stad, men i siste liten fekk dei motorkraft og berga alle dei 161 passasjerane om bord.

Løysinga er å byggje Stad skipstunnel. I dag gjer Stadhavet at mykje transport lyt køyrast på land med den ureininga det fører

med seg. Ikkje minst er Stadhavet ein bremskloss for kontakten mellom områda nord og sør for Stadt og Måløy-samfunnet.

Måløy-Ålesund

Dersom ein byggjer Stadt skipstunnel, kan ein få hurtigbåtsamband heile vegen mellom Bergen og Trondheim, med Måløy som eit midtpunkt. Like viktig er det at ein får trygg forsering av Stadhavet for godstransport og fiskebåtar. Kystverket ser ein stor samfunnsgevinst i å byggje Stadt skipstunnel, og den politiske vinden bles i retning av at tunnelen vert realisert om få år.

45-MINUTTSREGIONEN OPNAR NYE MULEGHEITER

Næringsutviklingselskapa i Flora, Bremanger og Vågsøy har nylig lagt fram ein rapport om framtida for Sogn og Fjordane med og utan samanknytning av Ytre/Midtre Nordfjord og Sunnfjord til eitt bu- og arbeidsmarknadsområde (45-minuttsregionen).


Rapporten syner at med rask realisering av 45-minuttsregionen er det grunnlag for sterk vekst i ei rekke næringar med stort vekstpotensiale på kysten, inkl. olje&gass, fornybar energi (vind, solar), havbruk og fiskeri og mekanisk/maritim

Med 45-minuttsregionen kan Sogn og Fjordane for første gong få ein vekstregion på kysten

industri. Med utvidinga av bu- og arbeidsmarknadsregion som 45-minuttsregionen fører med seg, vil ein få ei stor nok kritisk masse til at det er mulig med større næringslivsetableringar og investeringar som krev kapital, kompetanse og eit breitt utval av tilknytte tenester.

- Med 45-minuttsregionen kan Sogn og Fjordane for første gong få ein samla, slagkraftig region på kysten som bryt med gamle fogderigrensar og skaper samhandling og auka mobilitet, sa vekstsjefane i dei tre kommunane då rapporten vart lagt fram våren 2009.

Med ny veg Florø-Måløy vil næringslivet i ytre Nordfjord få eit godt samband til flyplass med god regularitet i Florø,



Visjon 2020: Slik kan regionen henge saman ved gjenomføring av 45-minuttsregionen (Illustrasjon: Trygve Johan Solheim, Rockall InMedia)

og spesialfunksjonar og servicetilbod i Førde blir lettare tilgjengeleg. Tiltaka er på kort sikt viktig for å knyte kystkommunane vidare sørover mot Bergen på E 39 via Førde, og på lenger sikt eit ledd i ein framtidig kystveg mellom Bergen og Ålesund.

For å realisere 45-minuttsregionen tilrår næringselskapa samla veginvesteringar

på ca 900 mill kr. Det vil kutte reisetida mellom Florø og Måløy (40 km i luftlinje, 134 km pluss ferje på dagens vegnett) frå nær tre timar i dag til mindre enn halvparten i framtida (85 minutt). Næringselskapa har lagt fram ein samla finansieringspakke for utbygginga som alle dei tre berørte kommunane har stilt seg bak.



FJORD SHIPPING

Selskapet er lokalisert på Inter Com Terminalen i Måløy. Pt jobbar det 12 personar ved kontoret, som har ansvar for drifta av 16 skip. Skipa går i "World Wide Trade", med hovudvekt på Nord-Europa. Flåten fordeler seg på 11 fryserskip, tre tankskip og to bulkskip. Til saman sysselset selskapet kring 300 sjøfolk.



NORDFJORD HAVN

Vågsøy er truleg den kommunen i verda med flest kaimeter per innbyggjar - heile 1,5 kilometer med offentleg kai. Nordfjord Havn IKS ligg sentralt plassert i Måløy, like ved lekteren der Fjord1 legg til kai med ekspressbåten til Bergen. Hamna har om lag 17.000 fartøysanløp i året, og hamnekontoret er tilgjengeleg 24 timar i døgnet. Selskapet disponerer store areal ved sjø for framtidig industriutvikling.



MÅLØY HAVNESERVICE

Måløy Havneservice ligg sentralt plassert på fastlandssida i Måløy. Produktspekteret omfattar gassolje og alle vanlege marinekvalitetar av smøreolje og fett. Måløy Havneservice leverer diesel, bensin, parafin og smøreolje i heile Nordfjord og på Sunnmøre med bil og båt. Selskapet omset for ca. 350 mill kroner per år.



MÅLØY CONTAINER TRANSPORT

Måløy Container Transport (MCT) er den leiande transportbedrifta i området med transportutstyr for frakt-containerar. MCT transporterer alt som kan transporterast i containerar/tankcontainerar. Selskapet har òg varebilar for transport/budteneste, opne trailarar, transport på plan, trailarar for frys/kjøletransport og kan utføre spesialtransportar.

I Måløy er folk vande med å jobbe, dei er vande med å stå på. Å bygge opp ei bedrift krev mykje energi og pågangsmot, det finn du her!

-Sverre Søråa

VERDIAR FRÅ *havet*

Fiske og marine næringer vil i mange år framover framleis vere eit karakteristisk trekk ved Måløy-samfunnet, med store moglegheiter for vekst og ny knoppskyting. Eitt av dei gode døma på vellukka gründersatsing i Måløy er Coast Seafood -verdas største uavhengige sals- og marknadsføringsselskap innanfor oppdrettslaks. - Vi fokuserer på det vi skal bli best på, og berre det, konstaterer dagleg leiar Sverre Søråa.

Internasjonalt selskap

Coast Seafood eksporterer i tillegg pelagisk fisk, samt oppdrettstorsk og kveite. Måløy Seafood er mottak for pelagisk fisk. Coast har eiga avdeling i Bergen som sel bearbeidde produkt av laks og aure, og på Sotra har ein eit røykeri som produserer røykt laks og aure. I Boston har Coast ei avdeling som sel laks i USA.

Sverre Søråa er dagleg leiar og medgründer i Coast Seafood. Han representerer ein del av den solide og stolte næringslivstradisjonen i Måløy, men var sjølv ein gong ung, lovande og uerfaren med vilje til å satse i Måløy.

- I 1989 fekk eg jobb i Domstein AS, og dermed valde eg å

Ungdomsbedrifta Smak av Havet frå Måløy Vidaregåande Skule blei kåra til Sogn og Fjordanes beste ungdomsbedrift i 2009, og tok ein 2. plass i NM for ungdomsbedrifter.

flytte heim. Då jobba eg hovudsakleg innafør den næringa Coast er i dag. Fem år seinare, i 1994, starta Coast Seafood saman med Odd Atle Rygg og Botholf Stolt Nilsen samt nokre lakseoppdrettarar. Om lag ti månader seinare kom Martin Øvrebø inn. Etter eit par år forlet både Odd Atle Rygg og Botholf Stolt Nilsen Coast Seafood, og blei med i oppbygginga av Pan Fish, fortel Søråa.

Har alle moglegheiter

Søråa meiner at den største forskjellen på næringslivssatsinga i Måløy før og no er at ein er meir bevisste på alle moglegheitene som ein har på kysten, både innanfor næring og fritidsaktivitetar.

- Rett utanfor stovедøra vår har vi alle kultur- og fritidsaktivitetar vi kan ønske oss. Anten det er song, fotball, handball, musikkorps, friluftsliv osv. Det einaste vi manglar her er sola - då hadde det vore fullkome, smiler Sverre Søråa

Han merkar at ungdomen i dag er meir merksame på dei moglegheitene som finst i Måløy.

- Dei siste åra har Måløy blitt meir attraktivt. Næringslivet utviklar seg i fleire retningar, ikkje berre innan fiskeri, men òg andre næringer. Det skapar fleire attraktive arbe-

Vågsøy er ein av Noregs fremste fiskerikommunar, med heile verdikjeda representert - frå fiskebåten er på teiknebrettet og vert bygd, til fisken vert teken opp, foredla i fabrikk og gjort salsklar til forbrukar. Måløy er Noregs tredje største fiskerihamn, tre av landets ti største fiskeribedrifter har hovedsete i Måløy og reiar miljøa i regionen er blant dei mest dynamiske i norsk fiskerinæring.

ids plassar. Eit anna døme er at verksemderselskap jobbar meir målretta med å få folk heim, og vi opplever òg at ungdomane er flinkare til å ta kontakt med oss, forklarar Søråa

Han nemner ein konkret medarbeidar som bedrifta har gjeve stipend under utdanning mot at ho ville fordjupe seg i emne som var viktige for Coast Seafood og deretter kome til Måløy for å jobbe etter avslutta utdanning. Moglegheitene er altså mange!

Trivsel er viktig

- Kva er den viktigaste suksessfaktoren til Coast Seafood AS?

- Tradisjonen og historia er årsaka til suksessen vår. I Måløy er folk vane med å jobbe, dei er vane med å stå på. Å bygge opp ei bedrift krev mykje energi og pågangsmot - det finn du her i Måløy. I tillegg har vi i Coast eit ekstremt fokus på hovudområdet vårt. Vi fokuserer på det vi skal bli best på, og berre det, konstaterer Sverre Søråa.

Gründeren meiner at ein først og fremst må ha ein gode idé for å kunne lukkast i næringslivet i Måløy.

- Akkurat som i idretten, er den viktigaste faktoren at ein heile tida må bruke fleire timar enn konkurrentane - då lukkast ein i konkurransen. Trening gjev resultat. Han

som trenar mest, han blir best. Ein slik filosofi kan ein òg overføre til næringslivet. Å starte ei verksemd er ingen åtte-til-firejobb. Ein må vere villige til å prioritere, og legge ned mange timar arbeid., meiner Søråa.

I tillegg tykkjer han det er viktig med trivsel - det at ein kan leike seg i gjennom arbeidet.

Sterk gründerkultur

- Kvifor er gründerkulturen sterkare her i kommuna, enn elles i fylket?


- Det handlar igjen om historia og tradisjonen vår. Her ute er vi vane med å klare oss sjølve. Det fins lite av offentlege arbeidsplassar. Det har ført til private initiativ, og det har danna seg ein slags smeltedigel. Det blir lagt merke til at folk lukkast, og det trur eg smittar over på andre. På kysten er vi er vane med å leve av naturen, vi kan ikkje stå med nevene i bukselomma, då kjem vi ingen vei. Den kulturen trur eg ligg nedfelt i oss.

Vi har eit enormt potensiale her i Vågsøy. Her fins mange moglegheiter. Sjå berre på miljøet i Teknopollen, der er det ei rivande utvikling. I tillegg har vi så vidt byrja med turistsatsinga i Vågsøy, seier Sverre Søråa optimistisk.



DOMSTEIN

Domstein ASA, med hovudkontor i Måløy, har ein sterk posisjon i norsk og internasjonal fiskerinæring. Verdikjeda strekker seg frå eigarskap i fangstflåten via industrielle foredlingsanlegg til effektivt distribusjonsnett og sterke merkevarer. Domstein Fish AS har produksjonsanlegg i Måløy.



SNORRE SEAFOOD/HAVFRUEN

Snorre Seafood har to fabrikkar: Raudebergfabrikken har mottak og foreidling av fersk og frossen fisk, liner for hand/maskinfilering, tining, inn-frysing og salting. Trading av frossen kvitfisk. Tek imot om lag 1500 tonn fersk råvare per år, hovudsakleg frå kystflåten. Måløyfabrikken står for røykeri og bearbeiding av fersk og frossen fisk. Snorre Seafood har eige fiskeutsal midt på Torget i Måløy: Havfruen.



SELSTAD

Selstad AS vart grunnlagt i 1953. Frå å vere eit lite lokalt notbøteri er Selstad i dag ein leiande leverandør av produkt til fiskeri- og oppdrettsbransjen. Selskapet har hovudkontor i Måløy og totalt over 100 tilsette på avdelingar langs heile kysten. Produkta spenner frå alle typar fiskeriedskap til tau, jernvarer og redningsutstyr.



KAIBUTIKKEN

Brunsvik Fiskeredskap AS, eller Kaibutikken på folkemunne, held til på kaitanten midt i Måløy sentrum. I eit av dei mest særigne og sjarmerande butikklokala langs norskekysten yter butikken til ei kvar tid topp service til fiskarar og andre frå fjern og nær, med alt som trengs for å ferdast på sjøen.

HAVLANDET PÅ FJORDKYSTEN

Kystnaturen i Ytre Nordfjord saknar side-stykke, og tek pusten frå dei som får oppleve den på nært hald. Opplevings- og reiselivsnæringa i Måløy-regionen er i ferd med å vekse, koordinere seg og skape nye produkt som kan ta ut potensialet som området sit på. Måløy sentrum har fått ei oppblomstring av nye serveringsstader og sosiale treffpunkt som berikar lokalsamfunnet og gjer byen vår endå trivelegare. Bettina Bickhardt frå Hamburg driv eitt av landemerka i Vågsøy, Kråkenes Fyr.

Bettina Bickhardt er svært glad for å kunne vere ein del av reiselivet og næringslivet i Vågsøy. – Eg tykkjer det er unikt at her er så mange nisjer. Her kan alle skape sin eigen arbeidsplass berre ein er litt kreativ. Dette hadde til dømes ikkje gått i Hamburg. Der finst jo alt frå før, og det er langt vanskle-gare å starte noko. Her får ein jo òg støtte frå forskjellige selskap og organisasjonar som til dømes innovasjon Norge og Måløy Vekst. Når eg fortel dette til tyskarar så trur dei jo nesten ikkje det dei høyrer. Der kan dei jo berre drøyme om eit slikt tilbod, fortel Bickhardt.

Livskvalitet

Bettina Bickhardt meiner ein òg skal vere veldig takksame for den naturen ein får sjansen til å leve i på kysten av Nordfjord.

- Nærleiken og reinheita vi har i forhold til naturen er heilt spesiell. Kvar gong eg kjem heim frå Hamburg så er det berre som eg får puste inn den uberørte naturen igjen. Det er like deilig kvar gong, og det kallar eg livskvalitet. Det som òg er spesielt med naturen her er at han er fanga av kontrastar. Den eine dagen kan ein oppleve storm og kraftige bølger, medan ein neste dag kan oppleve å sjå sola gå ned i eit blikkstilte hav. Dette begeistrar òg turistane. I tillegg har



Reiseliv: Bettina Bickhardt på Kråkenes Fyr har stor tru på Ytre Nordfjord som reiselivsdestinasjon. (Foto: Erik Hattrem)

ein kontrastar med både bar og grøderik natur samtidig som vi her har alle elementa på ein plass. I Østerrike kan ein til dømes berre oppleve fjell, men ikkje hav. Her har vi alt, smiler Bickhardt.

Kråkenes Fyr tilbyr både kafé og overnatting, mellom anna ei brudesuite som dei leiger ut heile året.

- Vi er opptekne av at folk får kome så nær naturen som mogleg. Fyret skal vere ein plass der ein kan senke skuldrane. Vi tilbyr avspenningsmassasje og på sikt håpar vi at vi skal få til seminar utanom turistsesongen, der grupper kan booke meg

og mannen min Thomas som rettleiarar. Thomas er psykolog og eg er terapaut, og i dette høvet håper vi å kunne tilby eit skikkeleg opplegg.

Utviklingspotensial

- Ser du moglegheiter for utvikling innan reiseliv i Måløy?

- Ja, desse moglegheitene er store. Men eg håpar ikkje Måløy skal bli ei stor hamn for cruiseskip og liknande. Eg likar turistar som kan ta seg tid til å slå av ein prat og som ikkje hastar rundt for å rekke alt. Det er sjølsagt viktig at vi vert ein turistattrak-

sjon, men det er eit vesentleg skilje mellom å vere ein turistattraksjon og å vere ein turistmagnet, seier Bettina Bickhardt.

Ho meiner at dei som driv reiselivet i regionen må verte betre til å samarbeide.

- Det er mykje som må gjerast, og vi må verte flinkare til å dra i same retning slik at vi kan tilby eit betre "opplegg". Vi har som sagt noko heilt unikt å tilby i forhold til natur. Og dessutan er det ikkje så langt til mellom anna Vestkapp eller Stryn sommerskiser, seier Bickhardt.

Sjølv har ho opplevd ei fin utvikling når det gjeld talet besøkjande på fyret.

- Først hadde vi berre marknadsføring gjennom rykte, men etterkvart har vi kommt inn i fleire brosjyrer. Men det som marknadsfører mest er nok å verte omtala i ulike reportasjar. Eg merkar at det no kjem fleire folk om vinteren. Det er difor brudesuita er opa heile året. Folk vil sjå uværet og stormen. Men eg trur framleis vi er heilt i startgropa når det gjeld reiseliv her. Hittil har det å satse på reiseliv berre vore noko folk har hatt på si i tillegg til ein vanleg jobb. Folk har berre så vidt byrja å planlegge, men eg trur utviklinga kjem, seier Bettina Bickhardt.



Torill Gjerde Domstein (Foto: Erik Hattrem)

SERVERINGSBOOM I MÅLØY

Aldri før har det vore eit så godt serveringstilbod i Måløy. Torill Gjerde Domstein er ein av dei mange kaféigarane i Måløy, og ho ser lyst på framtida til byen.

- Eg tykkjer det har skjedd mykje positivt i Måløy dei siste åra. Turnhallen er i god drift og det skjer spanande ting i Samfunshallen. Vi har i tillegg mange fritidstilbod til barn og unge. Folk kan ikkje klage over tilboda her, for her finst det mykje å gjere, seier Torill Gjerde Domstein.

T&D Kaffibar har vorte ein av mange samlingsplassar i Vågsøy for både eldre og unge.

- Spesielt om sommar, til jul og til påske er det veldig mykje folk innom kaffibaren. Det har eigentleg gått betre år for år. Eg trivst godt med det eg gjer, likar det litt hektisk, smiler Torill Gjerde Domstein.

Ho er glad for utviklinga i serveringsbransjen i Måløy, og ho føler det har vore ein kjempebra utvikling dei seinaste åra.

- Folk er flinkare til å gå ut. Folk møtast og tek ein lunsj, og eg merkar at folk har byrja å treffast etter klokka 1600. Men eg tykkjer folk i Måløy kan verte endå flinkare til å møtast ute på kveldstid, seier Domstein.



KRAFTSTASJONEN

Kraftstasjonen er eit minikulturhus midt i Måløy sentrum. Her finn ein kafe, utstillingslokale, fiskerestaurant og konsertscene. Fiskerestauranten skal halde høg kvalitet og samarbeide med lokale leverandørar. Saman med kunstutstillingar og konsertar skal restauranten bidra til å auke trivselen for dei som bur i Måløy.



ULVESUND FYR

Ulvesund Fyr er ein kreativ fyrkafé og overnattingsstad som vert driven av trubadur Sølvi Helén Hopland og sveitsaren Heinz Aemmer. I kafeen serverast tradisjonsmat basert på bær frå hagen og fisk frå havet. Fyret er mykje brukt til blåturar, personalturar, intimkonsertar, pensjonistdagar, malekurs, seminarer, utstilling og store dagar.



VÅGSØY ADVENTURE

Vågsøy Adventure er eit friskt pust i reiselivs-satsinga i Ytre Nordfjord, i eitt av dei mest spektakulære naturområda på Vestlandet. Selskapet gjev heile familien fartsfylte opplevingar både til sjøs og på land. Vågsøy har ein allsidig og spennande natur, og selskapet nyttar naturen i samspel med fartsfylte opplevingar.



NORE FJORDSENTER

Ligg på Bryggja i Vågsøy og er einaste campingplass i Ytre Nordfjord som er klassifisert og godkjend i NHO reiseliv og som har fått fem stjerner på høgstandardhyttene. Senteret er medlem av Pluscamp, som er eit kvalitetsstempel innanfor reiselivet.

MÅLØY: WORK IN PROGRESS
WWW.MAALOY.NO

Kontakt:
MÅLØY VEKST AS
post@maloyvekst.no
Tlf 57 85 51 00
Gate 1 nr 119, 6700 MÅLØY

MANGFALD SOM OVERRASKAR



Her er mange
arbeidsplassar i
regionen. Om ingen
skulle passe, så lag
ein sjølv.
-Sindre Kvalheim

Ikkje alt i Måløy handlar om havet. Mange vert overraska når dei oppdagar kor mangfaldig næringslivsmiljøet i Måløy er. Du finn alt frå mediehus, unike IT-bedrifter, spesialbedrifter innanfor vindauge og internasjonale mineralbedrifter som utnyttar lokale råstoff.

Ein av dei mest annleise bedriftene i Måløy sin bedriftsflora er LocalHost. Dagleg leiar Sindre Kvalheim er i spissen for ei bedrift som har fått stor nasjonal merksemd innan virtualisering og ikkje minst grøn-IT. - Eg flytta tilbake til Måløy i juni 2007. Då var tanken om LocalHost allereie jobba litt med, fortel Kvalheim.

Sterkt miljøfokus

Den berande ideen bak LocalHost er å tilby virtualisering og fjerndrift for alle typar bedrifter, ikkje minst den typiske norske småbedrifta. Geografisk når bed-

rifta i dag langt utanfor primærområdet, med eit avdelingskontor i Malmø og kundar i Bergen og Oslo.

- Vi ønskjer i første omgang å vere det grønne alternativet innan kommersiell IT-drift i Noreg. Bedrifter som er opptekne av miljø skal kunne dra miljønytte av å bruke våre tenester. Vi har med støtte frå Innovasjon Norge utvikla eit revolusjonerande kjølesystem som gjev ein aldri før påvist grad av strauminnsparing og miljøgevinst til denne type bedrift, fortel Kvalheim stolt.

Gode vilkår for drift

Å drive denne typen bedrift frå Måløy er heilt naturleg, og i på mange måtar fordelaktig. Ikkje berre gjeld dette tilgang til kapital, men òg når det gjeld bumiljøet.

- Vi har jo så fantastisk natur, og så mange flotte og billige tomter. Familiært sett så er det òg tryggare å bu her. Spesielt med tanke på oppveksten til borna.

Her er òg ein heilt annan nærleik både mellom bedrifter og folk elles som ein ikkje opplever i byane, meiner Kvalheim.

Gründertanken

Kvalheim meiner det er viktig at ting ligg til rette for at unge skal flytte heim til regionen.

- Det skal vere ukomplisert å kome heim til Vågsøy å busetje seg. Dette såg eg i ein tidlegare jobb eg hadde. Då var eg mykje i kontakt med andre kommunar, og eg merka meg at dei kommunane som hadde klart å snu negative trendar alle hadde lagt ned ein ekstraordinær innsats i det å gjere ting attraktivt og enkelt for tilflyttarar, seier Sindre Kvalheim.

Oppskrifta hans på korleis ein skal skaffe seg arbeid i Vågsøy, er enkel:

- Her er mange arbeidsplassar i regionen. Og om ingen skulle passe, så lag ein sjølv, oppmodar IT-gründeren frå Kvalheim.